

Referat frå styremøte 2025-03

Til stades: Knut Fredrik Sørheim, Jon Atle Farestveit, Solveig Romarheim, Øyvind Kristoffersen, Anne Kristin Rafoss, Torbjørn Sæle, Knut Fyllingsnes, Renate Enes Alme og John Henanger (vara).

Dato: 02.09.2025

Tid: 17:45- 20:15

Stad: Fjon Fjellkyrkje

Agenda:

Saksnr.:	Sak	Ansvarleg
Godkjenning		
28-25	Godkjenning av innkalling og førre referat. Godkjent.	
Økonomi og administrasjon		
29-25	<u>Økonomi:</u> Pr 02.09.2025 har Fjon på konto: Brukskonto: kr 76 691 Høgretekonte: kr 3397 Dette er etter at lampar er betalt og før overskot frå olsok er på konto. Det er ikkje lånt pengar frå Masfjorden sokn i samband med utskifting av lampar, men det er skaffa 15 000 i sponsor-midlar frå bedrifter og 12 000 kr (11 220 kr utbetalt) på Spleis. Terje Romarheim og Romarheim AS vert takka på nettsida for støtte.	Torbjørn
30-25	<u>Utleige:</u> Knut informerer om utleigestatus haust 2025 Stort sett utleige dei fleste helger til uti november, samt nyttårshelga. Bra! Også nokre bestillingar for 2026.	
31-25	<u>Valkomit�:</u> fullmakt til styret om � oppnemnde det tredje medlemmet Styret oppmodast til � tenka p� kandidatar. Vi kjem tilbake til saka p� neste m�te.	Alle
Helse – Milj� – Tryggleik (HMS)		

32-25	Rutine for skjekk etter utleige – korleis har det gått gjennom sommaren? Gjennomgang av innsende merknader etter utleige i sommar. Rutiner og sjekklister når leigetakar bestiller utvask frå Maria Ein leigetakar etter olsok fann mange små og nokre litt større manglar og manglande reinhald. Leigetarkar har dokumentert dette svært godt gjennom mange tilsendte bilde. Manglande sommarnedvask og litt dårleg vask av kjøkken etter olsok er noko av forklaringa. Det er ein påminnar om at tilsyn trengs. Samtidig kan ein ikkje forventa hotellstandard og at alt er strøket. Vi held fram med tilsynsordninga og kommuniserer via messengergruppa «Tilsyn Fjon» om status og utført tilsyn. Torbjørn lagar ny tilsynsliste fram til neste styremøte. Soveig og Anne Kristin møtes mandag 22.9 for å gå gjennom og oppdatera lista for sjekkpunkter på tilsyn. Det trengs ei betre oversikt over når det er bestilt utvask. Kan leigetakarar melda frå om dei tenker å kjøpa utvask ved bestilling? Anne Kristin har kontakt med Maria og går gjennom kva som vert gjort når ho administrerer utvask.	Torbjørn Anne Kristin og Solveig
<i>Saker og Skriv og meldingar</i>		
33-25	Prosessen rundt organisasjonsendring – innmelding medlemmer Innmeldingsvedtaka er lasta opp på Styrerommet – årsmøte – medlemmer Manglar skriftleg vedtak frå Fedje og svar frå Solund. Torbjørn høyrer igjen med sokneprest Bjørn Mange Hansen i Solund.	Anne Kristin Torbjørn
<i>Arbeid – Dugnad</i>		
34-25	Orientering om dugnadsarbeid sommaren 2025 Det var 5 personar på dugnadslørdagen i juni. I tillegg er det utført dugnad av enkeltpersonar på andre tidspunkt. Arve tar ein runde til med impregnering av steinar. Øyvind renskar takrennene. Knut Fy slår resten av taket (og skaffar dørskilt til Rom 6-7-8 oppe)	Arve Øyvind Knut Fy

35-25	Orientering om sommarnedvasken sommaren 2025 Blei ikkje gjennomført i sommar. Renate satsar på å få gjort noko med nokon i høstferien. Kan det vera ein ide å gjera litt mindre nedvask to eller fleire gongar i året?	
36-25	Orientering om montering av nye lampar Fått på plass mange nye, flotte lampar! Resten skal monterast etter høstferien. Kan bli med dimming, men er ikkje lagt opp til dette i første omgang.	
<i>Arrangement</i>		
37-25	Orientering frå Olsokstemnet 2025 Vel gjennomført arrangement med godt oppmøte også dette året. 120 personar til stades. Lindås sokn stilte med 16 vaksne og 3 barn, i tillegg til fleire frå styret, så god dekning med folk i arbeid. Kan trenga tydelegare ansvar-/arbeidsfordeling mellom styret og ansvarleg sokn. Dårlegare åresal enn året før. For mange årer ute (og for mange gevinstar?). Det var akkurat nok mat, husk å tenka personar (ikkje porsjonar – treng kanskje nesten to porsjonar per pers). Hugs også allergivennlig mat, glutenfritt og laktosefritt. Bruk av papptallerkar sparte ein god del oppvask. Overskot olsok 2025 kom totalt på 27 575 kr og vert overført frå Lindås sokn. Hugs at Fjon sin Vipps kan brukast. Lindås sokn har i tillegg sendt eiga evaluering til nytte for komande år. Denne vert gjort tilgjengeleg i styrerommet.	Anne Kristin
38-25	Olsokstemnet 2026 Anne Kristin inviterer Radøy sokn til å ta ansvar i 2026. Som ein del av førebuinga vert soknet invitert til å koma til Fjon og ha eit møte der med middag.	Anne Kristin
<i>Andre saker</i>		
39-25	Endring av kode på nøkkalboks er iverksett? Kor mange fysiske nøklar er i sirkulasjon?	

	Ny nøkkelboks og ny kode 0209. Øyvind, Knut S, Anne Kristin (overtatt av John i møtet) og Maria har nøklar. Nøklar Fjon har eit nummer frå 1-10.	
40-25	Utleigeansvarleg Knut S ønskjer, som nemnt før, avlastning for jobben med utleige etter å ha hatt dette ansvaret i mange år. Det trengs ein tydeleg oversikt over kva som ligg i ansvaret. Kan oppgåvene fordelast på fleire (t.d. bestilling/kalenderoversikt, informasjon, fakturering, tilsyn/ vaktmeister-oppgåver o.l.)? Renate kan kanskje administrera noko. Det kan vera behov for foreininga å ta i bruk eit regnskapsprogram, også for enklare fakturering og rekneskap. John sjekkar kva alternativ som kan vera mest aktuelle for Fjon sine behov. Saka kjem opp att på neste møte.	John
41-25	Branntilsyn Det vert branntilsyn på Fjon 27. oktober 2025. Ved ev. innkjøp av nytt brannvarslingssystem kan det søkast støtte frå Knif.	
Innmeldte saker		
Neste møte		
	Styremøte: Tysdag 25. november kl. 17.45 på Fjon. Solveig ordnar mat. Årsmøte:	

Torbjørn Sæle, referent
09.09.25